



Kyrkja vår er 100 år og imorgon kveld klokka 19 tek markeringa av det store jubileet til for alvor. Det skjer med det som sikkert vert ei stor kyrkjemusikalsk oppleving men også ei minnestund over ein mangfaldig og særprega mann - Matias Orheim frå Nordfjord som var lekpredikant og salmediktar..

Diverre vart det ein feil på plakaten, der det var opplyst at Orheim-kvelden var i mars. Det er altså ikkje korrekt.

Orheim var født i 1884 og døde i 1958. Han var gift med Maria og dei hadde eit svært godt forhold. Dei bad til Gud om at dei måtte få døy den same natta - og det gjorde dei 20. april 1958. Matias fekk stadig større problem med synet og i 1916 var han heilt blind - berre 32 år gamal.

Trass i sitt handicap skreiv Matias 178 melodiar og 1000 dikt og den mest kjende salma hans var 'Kvardagskristen vil eg vera'. Han er representert med 6 salmar i Norsk Salmebok.

Under samkoma sine spela han ikkje berre på fele, men også på glas! Han vitja alle norske prestegjeld med unnatak av dei 6 nordlegaste. Dit fekk han ikkje koma fordi han nytta nynorsk.

Av Ola Matti Mathisen